



2Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/ Øystein Folden
6630 TINGVOLL

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2009/8666 ARE-NP-MD
Arkivkode:
423.5/467/15

Dato:
04.08.2009

Løyve til landing med helikopter på Strandkolvet i Eikedalsvatnet landskapsvernområde - Klagehandsaming

Det vises til klage datert 12. juli 2009 frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal på Nesset kommune sitt vedtak om å gi løyve til Eikesdal bygdalag/Ground Control AS med inntil 10 landinger på Strandkolvet fram til 10. august 2009. Flygingane skal fortrinnsvis foretakast på ein dag. Det vises også til Nesset kommune si oversending av klagen datert 23. juli 2009.

Bakgrunn for saka

Den 26. juni 2009 søkte Eikesdal Bygdalag i samarbeid med Ground Control AS om 10 landingsløyve på Strandkolvet (Katthammaren) for frakt av personell og utstyr. Det blir lagt opp til at flygingane skal foretakast på ein dag, men det er avhengig av godt ver. Det blir derfor søkt om eit løyve som gjeld fram til 10. august 2009. Ground Control og det amerikanske filmselskapet "Traktor" ønskjer å filme basehopping frå Strandkolvet med utspring frå ei svingstang.

Kommunen handsama søknaden i møte den 8. juli 2009. Rådmannen innstilte på at søknaden skulle avslåast då det er forbod mot motferdsle i Eikedalsvatnet landskapsvernområde. Grunngevinga var at landing med helikopter for frakt av utstyr, basehoppingar og anna personell er ikkje eit særskilt tilfelle som det kan gjevast løyve til etter verneforkrifta § 4. Driftstyre II i kommunen vedtok likevel å gje løyve til flyging med helikopter. Driftstyret la til grunn at aktiviteten var av bagatellmessig og forbigåande art og at den ikkje trua verneformålet. Kommunen hadde tru på at filminga vil kunne marknadsføre bygda, kommunen og regionen på ein bra måte som reiselivsprodukt. Basehoppinga skal skje på ein stad som er laga for basehopping og då kalvingstida for villreinen er over, vil påverknaden av flyginga vere minimal.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal påklaga kommunen sitt vedtak den 12. juli 2009. Det vises til at liknande tilfelle tidligare er blitt handsama av Nesset kommune og at kommunen tidligare har gitt løyve i strid med fullmaktene sine. Direktoratet for naturforvaltning har i klagesakene sine handsama vurderingstema som ein antar er relevant også i denne saka. Tiltaket har ikkje som føremål å formidle dei verdiane som er knytt til verneformålet. Praksisen for bruk av helikopter i verneområda er generelt veldig restriktiv, også for arbeid som har med verneformålet å gjere. Naturvernforbundet er og av den oppfatninga at denne type basehopping frå svingstang må kunne gjennomførast frå andre fjelltoppar utafor verneområdet. Når det i kommunen sitt vedtak vises til at skadeverknaden er svært liten og vanskeleg å påvise, meiner naturvernforbundet at vedtaket kan skape presedens for liknande type saker

og det antatt auka omfanget av flygingane vil kunne ha skadeverknader. Etter naturvernforbundet si meining må bygder som er fråflyttingstrua kunne få støtte frå Miljøverndepartementet til å drive skjøtsel i staden for å skaffe arbeidsplassar gjennom tiltak som desse. Uansett må basehoppere kunne gå og ikkje bruke motorferdsel for å utøve verksemda si i verneområdet. Naturvernforbundet meiner at når lokal forvaltning medfører ein praksis som ikkje er i samsvar med regelverket, så er det bare rett og rimeleg at nokon protesterer. Naturvernforbundet ber om at klagen blir gitt oppsettande verknad.

Direktoratet for naturforvaltning vedtok den 17. juli 2009 å gi Nesset kommune sitt vedtak av 8. juli 2009 utsett iverksetting fram til klagesaka er ferdighandsama. Det blei ved avgjerda lagt vekt på tidsrommet for dispensasjonen og til tidlegare saker om same forhold.

Nesset kommune handsama klagen den 20. juli 2009. Kommunen opprettheldt sitt tidlegare vedtak og saka blei oversendt til Direktoratet for naturforvaltning i brev datert 22. juli 2009.

Direktoratet si vurdering

Klageinstansen kan etter forvaltningslova § 34 prøve alle sider av ei sak ved klagehandsaminga. Det kan takast omsyn til nye omstende i saka. Klageinstansen kan vidare sjølv treffe vedtak i saka eller oppheve vedtak og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming.

Strandklovet ligg i Eikesdalvatnet landskapsvernområde, som blei verna ved kronprinsregentens resolusjon den 3. mai 2002. Formålet med vernet er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap med tilhøyrande plante- og dyreliv. Å ta vare på høgfjellet med villrein er også ein del av verneformålet.

Det eksisterer eit forbod mot motorferdsel i verneområdet, jfr verneforskrifta § 3 pkt 5.1. Enkelte typar motorferdsle er likevel tillate, medan forvaltningsstyremakta kan gi løyve til andre, jfr § 3 pkt 5.2 og 5.3. Motorferdsle i samband med basehopping er ikkje omhandla av desse dispensasjonsheimlane. Ein dispensasjon frå motorferdsleforbodet kan difor berre tillast dersom helikopterflyginga er å ansjå som eit særskilt tilfelle som ikkje er i strid mot formålet med vernet, jfr den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta § 4.

Av direktoratet sitt brev datert 5. oktober 2007 framkjem det at utgangspunktet er at det normalt ikkje skal gjevast løyve til bruk av helikopter ved filming innafor verneområde, men at det i visse høve likevel kan gjevast løyve til bruk av helikopter til filming. Nesset kommune opplyser at kommunen for første gong har fått til eit samarbeid med produsentane som gir kommunen tilgang til råmateriale i HD-kvalitet for bruk i marknadsføringa av bygda, kommunen og regionen. Bruk av helikopter i samband med filming som skal nyttast til marknadsføring, kan etter direktoratet si vurdering i føreliggande tilfelle vere å betrakte som eit særskilt tilfelle, jfr verneforskrifta § 4. Direktoratet legg då til grunn at dette er eit eingongstilfelle og at filmmaterialet kan nyttast i mange år framover av dei regionale styresmaktene. Det er likeins ein føresetnad at kalvingstida for villrein er over. Løyvet er likevel ikkje meint å opne for ein meir liberal praksis for bruk av motorferdsel i samband med friluftsliv og andre fritidsaktivitetar i verneområde. Verneforskrifta for Eikedalsvatnet landskapsvernområde har ikkje noko forbod mot basehopping og aktiviteten vil kunne utøvast så fram den ikkje skader landskap, kulturminne, naturmiljø eller at dyrelivet blir forstyrta, jfr § 3 pkt 4.1. Det er ei føresetnad at det ikkje vert nytta motorferdsel i samband med hoppinga.

Direktoratet finn på denne bakgrunn å fatte følgjande

vedtak:

Direktoratet for naturforvaltning stadfester Nesset kommune sitt vedtak datert 8. juli 2009. Klagen har etter dette ikkje ført frem. Vedtaket kan ikkje påklagast etter forvaltningslova.

Nesset kommune har i brev datert 22. juli 2009 bedt om eit møte med direktoratet for å drøfte framtidig bruk av helikopter på Strandkolvet i Eikedalsvatnet landskapsvernområde i samband med filming og marknadsføring. Direktoratet vil ta kontakt med kommunen for å avtale tidspunktet for dette møtet.

Med helsing

Olav Nord-Varhaug
Fung. Direktør for Arealforvaltningsavdelinga

Marit Doseth

Kopi til:

Nesset kommune,
Eikesdal Bygdalag
Statens Naturoppsyn
Dovrefjellrådet

v/ Bård Eiliv Oppigard
Auragata 3
Postboks 94

6460	EIDSVÅG I ROMSDAL
6472	EIKESDAL
6600	SUNNDALSØRA
6601	SUNNDALSØRA